


PLANONTALE

**Mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted,
PlanID 201206, Fitjar kommune.»
Datert 03.11.23**



Fitjar kommune
Gnr/bnr gnr/bnr 65/156, 65/120, 65/100, 65/71 og del av 65/47

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

I samsvar med §12-14 i Plan- og bygningslova, er det vedteke at ein kan gjera mindre endring av Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted PlanID 201206, Fitjar kommune. Av gjer der gjort av Utval for Plan og Miljø i Fitjar kommune, i «Sak 65/100 Oppstart av mindre reguleringsendring Fitjar Mekaniske Verkstad.»

Forslagsstillar:	Fitjar Mekaniske Verksted. v/ Geir Arne Isdahl og Stein Gunnar Halleraker
Planomtale av endringa er utarbeida av:	Ing. Øyvind Jørgensen as, v / arealplanlegger Gro Fagerbakke Tesdal, Pb. 432, 5403 STORD, Tlf. 40 55 24 33, e –post: gro@ingjorgens.no
Prosjekt namn:	Fitjar Mekaniske Verksted- Utfylling i sjø og ny kai.
P.nr.:	23-1782
Tittel:	Planomtale for «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted, Fitjar kommune»
Plan ID:	201206
K.nr og kommune	1642, Fitjar kommune
Gnr./ Bnr.	65/100, 65/156, 65/120, 65/71 og del av 65/47

Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-14 har **ING. ØYVIND JØRGENSEN AS** på oppdrag av Fitjar Mekaniske Verksted, satt i gang arbeid med mindre endring av «**Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted, Plan ID 201206, i Fitjar kommune.**

Lokalisering, nærområder og struktur

Fitjar Mekaniske Verkstad (FMV) har adresse: Havnavegen 22, 5419 Fitjar.
Forutan sin plassering, består nærområdet av naust og småbåthamn i søraust, einebustadar og leilegheiter i aust, køyreveg, forretningar, naust og konter i nordaust.



Figur 1 Oversiktskart som viser kvar Fitjar Mekaniske Verksted er i forhold til Fitjar sentrum.

Planstatus og føremål

Dagens plan vart sist endra i 26.09.2015. Formåla i plan er industri, naust, kai, parkering, grønstruktur og hamneområde i sjø.

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad, PlanID201206




Figur 2 Gjeldande «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted, Plan ID: 201206»


Arealdelen til kommuneplanen i Fitjar kommune.

Sjølve verftet til Fitjar Mekaniske Verksted har formålet næringsverksemd med sosi kode 1300. I sjø er det regulert til kombinert formal i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone, med sosi kode 6800. Kombinasjonen i dette området er Fiske, ferdsle, natur- og friluftsområde(FFNF)

I tillegg er det ei omsynssone 200303 der det går fram følgande: «Reguleringsplan skal framleis gjelda» Dette betyr i plansamanheng, at når ein endrar reguleringsplan, vert endringa i samsvar med kommuneplan.



Figur 3: Utsnitt frå Fitjar kommune sin arealdel av kommuneplanen



Figur 4: Utsnitt av kommuneplan som viser Fitjar Mekaniske Verksted og bakgrunnskart med eigedomsgrenser og eksisterande bygningar og konstruksjonar.

1. Formålet med å starte ein prosess med endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad»

Formålet med planendring er utvide planområdet i retning vest, er å ha ein plan som opnar for å kunne bygge utvide areal på land til bruk som industri samt kai. Fitjar Mekaniske Verksted har fått ein god pris på 15000 m³ med stein, og tenker bruke denne til å fylle ut i sjø i eit område der det er relativt grunt, og der ein ynskjer bygge ein ny kai. Dette er vest for eksisterande pir i sørleg del av planområdet.

Det er halde eit oppstartsmøte med Fitjar Kommune i 2022, den gang var det snakk om større endringar av plan enn det som er tenkt no.

I oppstartsmøtet med Fitjar kommune vart det konstatert at kommunen kunne tilråde oppstart av mindre endring av plan, men at melding om oppstart av planarbeid kan ikkje skje før krav om førelegging er behandla politisk i samsvar med PBL §12-8 og forskrift 4, søknad om oppstart av planarbeid med grunngjeving er sendt inn og spørsmålet om igangsetting deretter har vore lagt fram for politisk handsaming, der det går fram at det skal handsamast som mindre reguleringsendring. Kommunen krev ikkje konsekvensutredning, men konsekvensar for utviding i FFNF området i sjø må vurderast.

Området i sjø er satt av til FFNF i Fitjar kommune sin arealdel, og i føresegna kap. 8.8. Kombinerte føremål i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, går det fram i 8.8.2 at Fiskeferdsel- natur og friluftsområde (FFNF) er fleirbruksområde der bruksområda fiske, ferdsel, natur- og friluftsliv er likestilte.

Videre er det satt retningslinjer for de kombinerte føremål i sjø og tilhøyrande strandsone, at FFNF- områda skal i hovudsak vera fri for faste installasjonar og aktivitetar som kan hindre ålmenn interesser som ferdsel, fiske, friluftsliv eller naturstand eller anna ambulerande bruk av områda.


Etter oppstartsmøtet, har marknaden endra seg, og ein har kome til at ein ikkje likevel ville gå i gang med eit så stort utbyggingsprosjekt som den gang var planlagt. Det vart gjort eit arbeid for å få nøyaktig informasjon om sjøbotn, samt gjort ei vurdering av om det var forureina sjøbotn. Dette er dokument som er vedlagt, og som dokumentera at tiltaket ikkje vil medføre store konsekvensar for miljøet i sjø

Fylling i sjø og bygging av ny kai, er viktige tiltak for verftet for å kunne få eit effektivt verft som kan ta på seg store oppdrag for å produsera og reparera nye skip og store båtar. Ein tenkjer seg at kaien skal bli bygd med pelar ned i sjø utanfor nytt utfyllingsområde.

Ein treng ein plan som har noko fleksibilitet i forhold til plassering. Det er av den grunn forslag om endring av plan som går litt lenger ut i sjø enn det ein faktisk tenker bygge. Det er vanleg med ein buffer på ca. 5 meter når ein regulerer industriområder ved sjø.

Det av den grunn ynskje om at ein har formålet kai i eit breiare område enn det ein faktisk tenker bygge. I føresegna til kaiarealet kan ein sette krav til maks bredde, som vil sikre at det ikkje vert bygd så breitt som det kan sjå ut til i reguleringskartet.


Til oppstartsmøte var det laga til nokre planutkast for å illustrera endring basert på skisse prosjektet, som var sendt Fitjar Mekaniske Verkstad 27.01.22. Den viser at planområdet vert utvida i retning mot vest og mot sør.




Figur 5 Utvida planområde 2022.

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

Den store planutvidinga i vest er likevel ikkje nødvendig, medan utviding av planområdet i sør, ynskjer ein stadig, slik at piren som er bygd kan inngå i planen som industriområde, og bli startpunkt for utfyllingsområde i sjø. Aktuell utvidingsområde er 0,2 daa (ca. 200m²), og er vist som grått område under.



Figur 6: Illustrasjon på kvar ein utvidar planområdet, 2023.



Figur 7: Situasjonsplan med illustrasjon på kor mykje areal i sjø ein søker gjera om til landareal, kotene i sjø er vist for kvar 0,5 meter.


Snitta som er vist på neste side visar snitt som er utarbeida ved ideskisse i januar 2023. Dei visar ulike typar løysingar i forhold til om ein berre skal fylla ut i sjø eller også bygge kai. Ein ser for seg at høgde på kai og fylling skal vera minimum +2 m.o.h.

I tillegg til at ein søker om å kunne fylla ut i sjø for å kunne bygge meir industriområde på land er det nødvendig å justere byggegrenser som også regulerer maks høgde på bygningar. Fitjar Mekaniske Verksted as har orientert om at dei ynskjer få gjort meir av arbeidet i hallar, og at hallane treng vera høgare enn 6 meter over terrenget. Dei ynskjer kunne bygge hallar opp til 20 meter over kai nivå, i det aktuelle nye industriområdet på land. I gjeldande plan er maks høgde oppgitt ut frå meter over gjennomsnittleg terreng. Det er ikkje så vanleg lenger å oppgje maks høgde på bygg på den måten, der betre å oppgje maks kotehøgde. I endra plankartet er det av den

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

grunn gjort slik at maks høgd er satt i forhold til kotar. Endringa betyr av den grunn ikkje berre at ein kan fyller lenger ut i sjø, det betyr at ein kan byggje bygning opp til kote +22 i staden for +8.

Ny plan er utarbeida i samsvar med desse ynskjer, og vert sjåande slik ut.




Figur 8: Forslag til endring av plan datert 25.09.23


Det er laga ny arealtabell som er i samsvar med planen som er vist på neste side.

Arealtabell	
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg	Areal (daa)
Industri	28,1
Uthus/naust/badehus	0,7
Sum areal denne kategori:	28,8
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Kai (6)	8,0
Parkeringsplasser (2)	2,2
Sum areal denne kategori:	10,1
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur	Areal (daa)
Grønnstruktur	0,9
Sum areal denne kategori:	0,9
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	Areal (daa)
Havneområde i sjø	39,7
Sum areal denne kategori:	39,7
Totalt alle kategorier: 79,6	

Det er lagt ved illustrasjon på korleis dette vil bli sjåande ut frå sjøsida.




Figur 9: Illustrasjon sett i frå sørvest, kaien som vert utvida er midt i bildet.




Figur 10: Illustrasjon sett frå vest. Dei store pirane er likt som før, og kaien som er ført lenger ut i sjø er til høgre i bildet.

I plankartet er område for kai berre satt til 6 meter. Viser til kai 4 vist som K4. Dette betyr ikkje at ein ikkje kan byggje ein pela betongkai som totalt er 12 meter brei som vist i illustrasjonen under. Dette fordi det i føresegna for industriområdet står følgande: Ein kan ha kaiar i regulert industriområde.



Snitt 1-1 Typisk snitt Fylling i sjø og kai

Figur 11, Typisk snitt på ny kai der ein bygger kai framom fyllingslinje



Figur 12: Typisk snitt i sjø der det berre er utfylling i sjø

I detaljreguleringsplanar som gjeld industriområder er det viktig å sikre at ein også kan gjera tiltak på sjøbotn. Det er vanleg å markere fyllingsbotn med byggegrense der det er aktuelt med fylling ut i sjø, men i tillegg er det nødvendig at det vert satt byggegrenser der ein vil kunne t.d mudre og/eller ankre. I områder der det er grunnare enn 10 meter under havet, er det satt byggegrense. Dette slik at ein ikkje vil måtte søke om dispensasjon frå byggegrense dersom ein treng gjer mudring av sjøbotn, like etter nyrevidert plan.

2. .Næring/handel/industri/kontorfunksjonar

Området for industri og lager vil bli større. Det ekstra industriområdet utgjer heile 5 daa større, ved endringa. Av dette er 0.1 daa allereie bygd ved ein forlenging av ein molo i sør, og 3,4 daa er nytt fyllingsområde. Eit område som før var regulert til kai 5 inngår som industriområde (ca. 1,5 daa).

I tillegg er det ytst på utvida industriområdet regulert eit 6 meter breitt kaiareal, som utgjer 0,5 daa.

Det er satt byggegrenser mot sjø og i sjø som sikrar at alle søknadspliktige tiltak i 100 metersona kan søkast om utan dispensasjon frå byggjeforbodet som er alle stadar ved sjø der det ikkje er regulert inn byggegrenser.

Fitjar Mekaniske Verksted er i vekst, og utviding av landarealet er positivt for drifta. Ein vil kunne få meir arbeidslokal under tak, og ein vil kunne få meir område på land til lagring. Verksemda kan også få realisert å byggje fleire hallar, som vil medføre at meir av arbeidet kan bli gjort innomhus. Dette er positivt for arbeidsmiljøet for dei som arbeidar hos FMV, men også med omsyn til naboar med tanke på støy.

3. . Støy/forureining

Cowi as har vore involvert tidleg i planarbeidet, då dei vart engasjert i 2022 like etter oppstartsmøtet. Då var det både tenkt å søke om løyve for mudring og utfylling, men i noko større skala enn det som no er føreslått.

I rapporten går det fram i samandraget at «Sjøbunnen i tiltaksområdet har generelt lite finstoff, og mer hard bunn/stein. Det var vanskelig å få opp sediment som egnet seg til analyse innanfor tiltaksområdet. Dette førte til at det kun var mulig å ta tre prøver av seks planlagte. Kornfordelingen viser at sedimentene bestod av svært lite leire (<1-1,2%). Innholdet av silt er også relativt lavt (14-22%), i tillegg til lite organisk materiale (TOC). Analyseresultatene viste at det totalt var lite forurensning i prøvene med unntak av PAH-forbindelsen antracen i P3 (tilstandsklasse 3) og TBT (tilstandsklasse 4) i alle prøvene. Sistnevnte er vanlig å finne i høye konsentrasjoner, og TBT stammer hovedsakelig fra gammelt bunnstoff på båter og stoffet er nå forbudt. Undersøkelsen viser at det er relativt lite forurensning innanfor tiltaksområdet, og det er sannsynlig at de mykere sedimentene som ligger utenfor tiltaksområdet er mer forurenset enn sedimentene rett utenfor verkstedet.»

Likevel er det viktig at føresegna til plan vert oppdatert i forhold til krav til tiltak i sjø. Følgjande føresegn er føreslått for å sikre at tiltak i sjø vert sendt samtidig til handsaming hos Statsforvaltaren i Vestland:

«§2.1 Tiltak i sjø som krev løyve etter forureiningslova

Søknader om utfylling i sjø og kaiar i planområdet skal sendast Statsforvaltaren i Vestland.

Utfyllingsplan med plassering av fyllingsfot og opplysningar om miljøtilhøva i utfyllingsområda skal leggjast ved søknaden. Ved utbygging ved sjø skal det nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen.

Godkjenning etter forureiningslova skal føreliggje før løyve etter plan- og bygningslova kan bli gitt.»

Det er ikkje laga ei eiga støyrapport basert på endringane av plan. Dette fordi det ikkje er forventa at endringane vil medføre auka fare for støy for naboar. Verksemda vil kanskje kunne ta på seg fleire oppdrag enn i dag, men samtidig er det slik at ein planlegg å gjera meir av arbeidet innomhus i hallar.


4. . Landskap og terrenginngrep

Området er tenkjer seg fylt ut i sjø er i eit område som er relativt grunt. Ein tenkjer seg at topp terreng vil bli ca. +2 over havet.

Dette vil medføre ein del m³ steinmassar, som vert tilført staden for å byggje ut industriområdet. Tiltaket vil ikkje medføre skjeringar i terrenget.

5. . Estetikk, byggeskikk, omsyn til naboar

Forutan at det vert eit større industriområde, der ein kan byggje høgare bygningar nær sjøgrensa er det små endringar i forhold til estetikk og byggeskikk. Bygningar som ein treng i industrien er ofte hallar, og dei bør helst kunne stå permanent då mellombelse bygningar ikkje er av så god kvalitet som permanente bygningar. Det er også uøkonomisk å leige hallar som berre kan stå i 2 år. Alle naboar vert varsla om endringa av plan. Det er laga illustrasjonar som visar korleis endringane vil bli sjåande ut frå sjøsida, men det er også lag ein illustrasjon sett i frå landsida i søraust.



Figur 13: illustrasjon sett i frå land (frå søraust)


6. . naturmangfald (fauna, naturtypekartlegging, viltkartlegging, Artsdatabanken m.m.

Cowi as var involvert for å gjera si vurdering av korleis tiltaket i sjø vil påverke artane i sjø. I rapporten går det fram følgande:

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

« I Miljødirektoratets database Naturbase er det registrert noen typer flerbørstemarker *Owenia borealis* og *Nereis elitoralis*, samt fugler utenfor tiltaksområdet som er arter av nasjonal forvaltningsinteresse, men ingen innenfor tiltaksområdet.

Det er registrert gytefelt for torsk (lokalt viktig, verdi 3) og fiskeplasser (aktive og passive redskap) innenfor tiltaksområdet. Et gyteområde for torsk er registrert omtrent 800 m nord for tiltaksområdet. Registrert gytetid er fra februar til april. En låssettingsplass er registrert ca. 700 m sørvest for tiltaksområdet. En akvakulturlokalitet Matløysø ligger omtrent 3 km fra tiltaksområdet. Se figur 4 for kartfremstillinger.»



Figur 4 Øverst: viser registreringer for arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Registreringene i sjø er hovedsakelig fugl og arter av flerbørstemark. Nederst: viser fiskeriinteresser og gytefelt/områder for torsk. Fitjar mekaniske verksted er markert med sort sirkel. Kartutsnitt er hentet fra kystinfo.no og modifisert.

Rapporten frå Cowi as er lagt ved denne planomtale.
Revidert miljørapport, vil også bli vedlegg til søknad om løyve etter forureingslova, som må til når ein skal fylle i sjø.

I samband med søknad om løyve for utfylling i sjø er det eit vilkår at Statsforvaltaren i Vestland skal ha godkjent saka. I denne søknad etter forureiningslova skal det gå fram om ein skal gjera avbøtande tiltak for at det ikkje skal gå ut over gytetfeltet som er registrert rundt FMV. Eit av tiltaka kan bl.a vera å gjera utfyllinga før eller etter gytetid for torsk.

7. . Strandsone og vassdrag

Endringa av plan vil medføre meir landareal og mindre sjøareal. Viser til kap. 2.
Tilgrensande areal er industri og det nye arealet på land vert industri og kai. Dette er ei strandsone som frå før berre er tilgjengeleg for tilsette i FMV, så endringa vil ikkje medføre at ålmenta får mindre tilgang til strandsona enn tidlegare. Endring av plan, vil ikkje endra avstand til seglingslei inn til Fitjar. Den er 258 meter frå seglingslei inn til Fitjar.

8. . Klima og energiløysingar

Endring av plan og føresegnar, vil ikkje påverke stort klima og energiløysingar. Men, det er i plan satt krav til høgde på nye kaiar, med omsyn til at det kan bli klimaendringar. I føresegna for kai, er det satt krev til minimum kote +2 for kaia. Dette for å kunne møte klimautfordringar i framtida som auka vasstand og auka fare for stormflo. Viser til §4.2 Kai (K1-K4) punkt 3. «Minimum høgde på nye kaiar skal vera +2 m.o.h.»

9. . Vatn, avlaup og overvasshandtering.

Det er føreslått ei ny fellesføresegn for heile planområdet som ikkje var i gjeldande plan, og som vil sikre at bl.a vatn- og avlaup vert ein viktig del av sakshandsaminga ved søknad om løyve. Viser til §2.6 Teknisk anlegg som er som følger:

- «Innanfor planområdet er det tillate å etablere parkeringsplassar, vegar, avkøyrslar og andre tekniske installasjonar som høyrer verksemdene til, samt leggst leidningar i sjø for vatn, avlaup, straum, telenett og liknande. Avkøyrslar skal synast i situasjons-/byggjeplan. Leidningar i sjø skal leggst/festast slik at dei ikkje heftar fiskeutstyr eller er til hinder for ankring eller ferdslar.
- Tekniske anlegg (veg, vatn inkl. sløkkevatn, avløp, renovasjonsplass og tele og elforsyning) skal opparbeidast i samsvar med teknisk plan godkjent av Fitjar kommune i samband med handsaming av byggesøknad for anlegga.
- Det skal vere mest mogleg felles løysingar for tekniske anlegg (vatn og avløp).»

10. . Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Fitjar Mekaniske Verksted har stor fokus på eigne HMT rutinar. Det er opplæring i HMT før ein startar kvar maritime operasjon, og ein definerer dei ulike områder på land til forskjellig bruk. Industriområdet har forutan bygningsmassar ulike områder for ulike bruk. Det er bl.a produksjonsområde ute, lagerplassar, internvegar og gangsoner.

1. Å få meir industriareal på land, og nye god kai, vil gjera det lettare å ha eit oversiktleg industriområde. Det vil kunne medføre at ein kan gjera meir av arbeidet på land, og ha betre kommunikasjonslinjer frå sjø til land.
2. Å kunne byggje hallar som er av slik storleik at ein kan gjera meir av arbeidsoppgåvene innomhus, vil også vera eit tiltak som vil lette arbeidet for dei tilsette i verksemda. Viser til at ein i følge plankart kan bygge hall opp til kote +22 nær ny kai (K4).

11. Risiko og sårbarheit

METODE FOR RISIKOVURDERING

I norsk standard NS 5814 vert risiko definert slik:

” Uttrykker den fare som uønska hendinger/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen vert uttrykt som sannsynligheten for, og konsekvenser av de uønskede hendelsene”.

Kriterium for sansynlegheit og konsekvens

Det er nytta same kriteria for inndeling av uønskte hendingar i sansynlegheit og konsekvens som i den overordna ROS-analysen for Stord kommune. Intervall og kriteria er oppdaterte slik at dei stettar krava i teknisk forskrift (TEK 17).

Følgjande inndelingar for **sannsyn** skal nyttast:

Begrep	Intervall
Svært sannsynleg (4)	Meir enn ei hending kvart 20. år
Sannsynleg (3)	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200. år
Noko sannsynleg (2)	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000. år
Lite sannsynleg (1)	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000. år

Konsekvensane for liv og helse, miljø, økonomi og materielle verdier, drift, produksjon og tenesteyting, samfunnsviktige funksjonar og truverd/omdømme, er vurdert etter følgjande begrep:

Ubetydeleg, Mindre alvorleg, Alvorleg, Svært alvorleg, Katastrofalt

Følgjande inndelingar for **konsekvens** skal nyttast:

KONSEKVENS	VEKT	MENNESKE	YTRE MILJØ (LUFT, JORD, VATN)	MATERIELLE VERDIAR
Svært alvorleg	4	Meir enn 5 døde, eller 25 alvorleg skada (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for meir enn 50.000.000 kr
Alvorleg	3	Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar. (KBP nivå 2)	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skadar mellom 5.000.000-50.000.000 kr
Mindre alvorleg	2	Inntil 10 alvorlege personskadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråvær. Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt.	Skadar mellom 500.000-5.000.000 kr
Mindre alvorleg	1	Mindre skader som treng medisinsk handsaming, ev. Kortare sjuke fråvære. (KBP nivå 1)	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrast på kort tid.	Skader mellom 50.000-500.000 kr
UBETYDELEG	0	Ingen eller små personskadar. (KBP nivå 1)	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.	Systembrot er uvesentleg

Standard risikodiagram som skal nyttast i analysearbeidet

Risikodiagram

Sannsyn	Konsekvens			
	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg	4.1	4.2	4.3	4.4
3. Sannsynleg	3.1	3.2	3.3	3.4
2. Mindre sannsynleg	2.1	2.2	2.3	2.4
1. Lite sannsynleg	1.1	1.2	1.3	1.3
0. Usannsynleg				

Akseptkriteri

Ved gjennomføring av ROS-analyse for nye utbyggingsområde skal det leggast til grunn følgjande akseptkriteri:

Hendingar i raudt felt: Tiltak er naudsynt med ein gang

Hendingar i oransje felt: Tiltak naudsynt

Hendingar i gule felt: Tiltak vert vurdert ut i frå kostnad i høve til nytte.

Hendingar i grøne felt: Rimelege tiltak vert gjennomførde

Dette betyr at som hovudregel er tilhøve/hendingar plassert i raude felt noko som medfører uakseptabel risiko, og at det må gjennomførast risikoreduserande tiltak av førebyggjande og/eller skadebøtande karakter, slik at risikobiletet kjem ned på akseptabelt nivå.

Endringa som vert vurdert i ROS-analysen er følgande.

1. Fylle ut i sjø
2. Bygge kai i ytterkant av ny fylling
3. Kunne bygge bygningar opp til kote +22 i nytt industriområde

Nr.	Tema 1 Naturrisiko	Sannsynleg	Konse - kvens	Risiko	Merknad/tiltak
1	Steinskred	1	1	1.1	Liten risiko: Det trengs ikkje ekstra tiltak for endring 1 til 3, for å hindre steinskred.
2	Snø/is skred	0	1	0.1	Det er ikkje auka fare for is-skred med å fylle ut i sjø, bygge kai, eller bygge hallar- ikkje aktuelt
3.1	Lausmasseskred	0	1	0.1	Det vil ikkje bli nytta lausmasser i utfyllingsområdet- ikkje aktuelt
3.2	Jordskred	0	1	0.1	Det vil ikkje bli nytta jord i utfyllingsområdet- ikkje aktuelt
3.3	Flaumskred	1	1	1.1	Det ikkje er elv eller bekkeløp i området. Fare for stormflo er ikkje auka. Dette fordi det er satt krav til min. kote +2 på alle nye kaiar og utfyllingsområder.

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

Nr.	Tema 1 Naturrisiko	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Merknad/tiltak
3.4	Leirskred	0	1	0.1	Sjøbotn er undersøkt-Ikkje sansynleg at tiltak 1-3 vil kunne gje leirskred
3.5	Kvikkleireskred	0	1	0.1	Sjøbotn er undersøkt- Ikkje sansynleg at tiltak 1-3 vil kunne gje leirskred
4	Elveflom	0	0		Det er ikkje elv, og då er det lite truleg at ein kan bli ramma av elveflom
5	Tidvassflaum, stormflo	1	1	1.1	Risiko for stormflo er liten og ikkje auka. Dette fordi det er satt krav til min. kote +2 på alle nye kaiar og utfyllingsområder
6	Radongass	1	1	1.1	Alle nye bygg skal uavhengig av risiko sikre bygning mot radon gass. Jf. Tek. 17 §13- 5 Radon.
7	Vindutsett	1	1	1.1	Der er ikkje sansynleg at tiltak 1-3 vil kunne gjera at området vert meir vindutsett.
8	Nedbørutsett	1	1	1.1	Der er ikkje sansynleg at tiltak 1-3 vil kunne gjera at området vert meir vindutsett.
9	Naturlege terrengformer som utgjer spesiell fare	1	1	1.1	Det vert flatt terreng- det utgjer ikkje spesiell fare.
10	Anna naturrisiko	0	0		
11	Sårbar flora (Biologisk mangfald)	1	1	1.1	Tiltaket medfører at det vert mindre areal i sjø, der det er tare og tang og elles anna liv. Det er ikkje registeret at det skal vera sårbar flora i sjø der ein gjer tiltak 1-3.

Nr.	Tema 2 Naturområde og kulturmiljø	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Merknad/tiltak
12	Sårbar fauna/fisk/vilt	2	2	2.2	Torsk er ein sårbar art i sjø. Det er satt krav til at ein skal søke om fylling i sjø til Statsforvaltaren i Vestland. I søknaden skal ein oppgje avbøtande tiltak slik at utfyllinga ikkje vert gjort i den mest sårbare tida i forhold til yngel.
13	Naturvernområde	0	0	0.0	Området er ikkje ved eit naturvernområde
14	Vassdragsområde	0	0	0.0	Området er ikkje ved eit vassdrag
15	Automatisk freda kulturminne/fornminne	1	1	1.1	Ein har ikkje kjennskap til at det er automatisk kulturminne i sjø
16	Kulturlandskap, kulturmiljø	1	1	1.1	Tiltaket 1-3 er knytt til eit eksisterande industriområde. Der er det ikkje kulturlandskap.
17	Landbruksområde	0	0	0.0	Det er ikkje landbruksområde i planområdet
18	Verneområde	0	0	0.0	Det er ingen verneområde i planområdet.
19	Område for idrett/leik	0	0	0.0	Tiltak 1-3 vil ikkje gå ut over områder for leik eller idrett
20	Park/rekreasjonsområde	0	0	0.0	Planen har eit område som er regulert som grøntområde G. Dette er uforandra.
21	Friluftsområde	0	0	0.0	Planen har eit område som er regulert som grøntområde G. Dette er uforandra.

Nr.	Tema 3 Teknisk og sosial infrastruktur	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Merknad/tiltak
22	Veg, bru, knutepunkt	0	0	0.0	Planendringa omfattar ikkje veg, bru eller anna knutepunkt.
23	Hamn, kaianlegg, småbåthamn	1	1	1.1	Det vert ny pela kai (K4) ut i sjø. Der det er djupare farvatn. Dette vil medføre at FMV får ei betre hamn og kaianlegg. Når det gjeld småbåtanlegg som grensar til FMV si verksemd, er det ein fordel å ha ein molo for å gjera småbåtanlegget i sjø mindre vêrhardt. At moloen kan bli litt breiare har ingen påverknad for småbåtanlegget.

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

Nr.	Tema 4 Infrastruktur	Sannsynleg	Konse - kvens	Risiko	Merknad/tiltak
24	Sjuehus/-heim, kyrkje	0	0		Ikkje aktuelt
25	Brann/sløkkevatn, politi	1	1	1.1	Endring 1-3 påverkar ikkje beredskapen fram til området. Ved søknad om løyve som gjeld bygningar, må ein i søknad om løyve dokumentera at det er tilstrekkeleg sløkkevatn. Viser til ny føresegn §2.6
26	Forsyning, kraft, vatn	1	1	1.1	Planendring med tiltak 1-3 vil ikkje medføre at verksemda vil trenge meir kraft. Dersom ein skal sette opp bygningar som også skal ha innlagt vatn, vil det kunne medføre at ein må sette ned ny vasskum og nye vassrør. liten risiko knytt til dette
27	Skuleveg og interne gangsoner (turveg og fortau)	1	1	1.1	Planendring med tiltak 1-3 vil ikkje medføre endringar for skuleveg.
28	Tilfluktsrom	0	0	0.0	Det er ingen bygg over 1000 m ² i planområdet, og det er ikkje krav eller aktuelt.

Nr.	Tema 5 Forureiningskjelder	Sannsynleg	Konse - kvens	Risiko	Merknad/tiltak
29	Akutt forureining i/ved planområdet i dag	1	3	1.3	Det er ein liten sansynlegheit for oljesøl og anna forureing frå industrien, men viss det skjer er det alvorlege konsekvensar. Denne fare er uendra med planendringstiltak 1-3.
30	Akutt forureining i/ved planområdet pga. plan	1	1	1.1	Endring 3 vil kunne medføre at ein kan gjera fleire operasjonar innomhus, som også vil kunne medføre mindre fare for akutt forureing.
31	Permanent ureining i/ved planområdet	1	1	1.1	Planen medfører ikkje stor fare for permanent forureining. Viser til utført miljøundersøking av sjøbotn. Det skal vera tilfredsstillande sjøbotn, og det vert gjort utfylling i sjø med reine massar.

Nr.	Tema 5 Forureiningskjelder	Sannsynleg	Konse-kvens	Risiko	Merknad/tiltak
32	Støv/støybelastning i/ved planområdet (inkl. trafikk)	1	2	1.2	<p>Det er ikkje venta auka biltrafikk til industriområdet FMV på grunn av endring 1-3, dette gjer at ein ikkje ventar at det vert auka støv/støy belastning verken mot nordaust, aust eller søraust.</p> <p>Det kan bli auka aktivitet ved kai K4 når den er bygd. Dette er eit område som i dag ikkje har særleg støy knytt til seg. Det er ca. 250 meter til næraste naust og ca 300 meter til næraste bustad frå dette området. At kaia vert lenger frå bustadane, som er nærast kan også medføre at støy frå verksemda vert flytta lenger ut mot kaia.</p>
33	Støv/støybelastning i/ved planområdet på grunn av plan	2	1	2.1	<p>Det er liten fare for støv i eller ved planområdet etter at det er ferdig utbygd. (driftsfase). Det kan bli noko stein støv og støy i anleggsperioden med fylling, men dette vil vera kortvarig.</p> <p>Totalt sett er det liten sannsynlegheit for at planendring medfører auka støy- og støvproblematikk frå verksemda. Dette også fordi ein vil kunne gjer meir av arbeidet inne i hallar, som vil gje redusert støy.</p>
34	Høgspenlinje (elektromagnetisk stråling)	0	0	0.0	Det er ikkje eksisterande høgspenkablar i luft gjennom planområdet. Planendring vil ikkje endre dette.

Nr.	Tema 6 Andre farlege/ spesielle område/ uønska hendingar	Sannsynleg	Konse-kvens	Risiko	Merknad/tiltak
35	Ulykker med farleg gods	1	2	1.2	Områder rundt industriområde er meir utsett for ulykker med farleg gods enn bustadområder som ikkje er det. Det er likevel lite sannsynleg at endring 1-3 aukar sansynlegheita for ulykker med farleg gods.
36	Vær/føre avgrensar tilgjenge til området	1	1	1.1	Endringa 1-3 påverkar ikkje tilkomst til industriområdet på anna måte enn via ny kai (k4). Kaia vil bli bygd på kote +2. Kaia vil ein kunne brøyte på dagar med mykje snø.

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

Nr.	Tema 6 Andre farlege/ spesielle område/ uønska hendingar	Sannsynleg	Konse-kvens	Risiko	Merknad/tiltak
37	Ulykker i avkøyrslar	1	2	1.2	Ending 1-3 vil ikkje i seg sjølv generere nyskapt trafikk ved eksisterande vegar. Det er frå før lagt inn frisisiktsline i krysset i Havnavegen ved innkøyringa til FMV. Det er krav til gode siktforhold forutan i frisisiktssoner. Kravet er 3x20 meter for alle private avkøyrslar. Det allereie låg fart. (Sone 30 km/t), så ein treng ikkje sette i gang prosess for å få nedsett fartsgrense.
38	Ulykker med gåande/syklende	1	3	1.3	Med fleire fortau, og trygge overgangar og god belysning langs fortau, vil det bli mindre sannsynleg at ein opplever ulykker med gåande og syklende.
39	Er planområdet i seg sjølv eit sabotasje/terrormål?	1	3	1.3	Ein kan ikkje utelukka at FMV sitt industriområde med kaiar kan vera eit terror mål. Dette fordi det er viktig industri sett i ein nasjonal samanheng. Det er likevel rekna som lite sannsyn for dette.
40	Er det sabotasje/terrormål i nærleiken	0	0	0.0	Ukjent om det er terrormål i nærleiken
41	Fare for brann	1	2	1.2	Så lenge det ved søknad om løyve for nye bygningar er dokumentert at det er tilfredsstillande avstandar til brannkum eller brannhydrant, og det er lag brannkonsept til bygningen basert på risikoklasse og antall etasjar, skal det ikkje bli auka fare for brann.

Nr	Tema 7 Beredskap	Sannsynleg	Konse-kvens	Risiko	Merknad/tiltak
42	Brann/politi/ambulansesivilforsvar (ulykkes tid)	1	1	1.1	Frå Stord sjukehus i Tysevegen 64 fram til FMV i Havnavegen er 33.6 km og det tar ca. 32 min. å køyre med normal trafikk. Frå politistasjonen på Vabakken i Stord tar det 33 min å køyre ved normal trafikk. Til Fitjar Brann og redning er det 700 meter, og 2 min. å køyre. Alt under 30 min. er tilfredsstillande i forhold til brann, og slik er det for all beredskap. Endring av plan påverkar ikkje dette.

Planomtale for mindre endring av «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad,
PlanID201206

Nr	Tema 7 Beredskap	Sann- synleg	Konse- -kvens	Risiko	Merknad/tiltak
43	Tilkomst for utrykkingskøyretøy	1	1	1.1	Alle vegar er utforma slik at ein kan køyre stor lastebil fram til industriområdet, samt kunne snu. Endring av plan påverkar ikkje dette.
44	Sløkkekapasitet	1	1	1.1	Truleg må ein få inn ein ny brannhydrant eller brannkum i det nye industriområdet på land.

Nr	Tema 8 Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring	Sann- synleg	Konse- kvens	Risiko	Merknad/tiltak
45	Ulykke i samband med anleggstransport	1	3	1.3	I anleggsfase vert det auka tungtrafikk fram til anleggsområdet. Ein får levert steinmassar til utfylling via lastebilar.

VEDLEGG:

V1-Referat frå oppstartsmøte i 2021

V2- Brev frå Fitjar Mekaniske Verkstad (FMV), der ein har forklart kvifor endringa er viktig for verksemda.

V3- Forslag til planendring av Plan Id 201206 «Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted, Fitjar kommune», 25.09.2023. Bakgrunnskartet viser kvar 0,5 meter i sjø.

V4- Forslag til oppdatering av føresegner til Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad, plan ID 201206. Der det framgår kva som er nytt og kva som er endra.

V5- Forslag til nye Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verkstad, plan ID 201206.

V6- Rapport frå Cowi as som gjeld prøver tatt på sjøbotn med namnet «sedimentundersøkelse ved Fitjar Mekaniske Verksted» utarbeida i 2022.

KOPI: Fitjar Mekaniske Verksted v/ Geir Arne Isdahl og Stein Gunnar Halleraker